

Kyrkjeblad for Fjaler

NR. 1 MARS 2024

82. ÅRGANG

God påske!

«Kjærlighet fra Gud»



Foto: Jeff Jacobs, Pixabay

Det ligg ei sann kjærleikshistorie bak salmen «Kjærlighet fra Gud». Jens Schjørring (1825-1900) var kapellan i Lydeslev på Sjælland i Danmark. Då han blei sjuk, fekk ei tenestejente hos prosten i oppdrag å pleie han. Ho heitte Marie Larsdatter Olsen. Det enda med gjensidig forelsking, men det var upassande for ein prest å gifte seg med ei tenestejente. Han burde finne ei kvinne som tilhørde hans eigen stand, meinte både prosten og andre folk.

Ikkje desto mindre forlova dei seg, og like etter forlovinga skreiv han songen «Kjærlighet fra Gud» til henne. For som han skreiv etter hennar død i 1889: «Denne sangen er født i det stille; den er skrevet til min lille Marie uten annen tanke enn den å glede henne, og enkelt og liketil sette ord på hvilke følelser som rørte seg hos meg og vår kjærlhsrets første møte og framvekst,» sa han.

Det var kjærleiken som batt Lars og Marie saman. Og det var kjærleiken som var opphavet til sorga Lars kjende på etter hennar død.

Kjærleiken er risikofylt. Det mennesket som har tatt sjansen på å bli glad i eit anna menneske, tek også sjansen på å miste.

Ved døden skilst våre vegar. Éin går bort. Vi andre blir igjen. Døden er ein krossveg.

Krossvegen er den staden Gud er nær. Vi trur gjerne at det er motsett, at menneskeleg liding er eit teikn på at Gud er borte. Det trudde dei også, dei menneska som såg Jesus lide. Dei såg på han som ein som var forleten av Gud og menneske.

Men krossvegen var Guds eigen veg. Det var Gud sjølv som gjekk der, i Jesu skikkelse. Våre smerter gjorde han til sine smerter, vår død til sin død, for at hans oppstode skulle bli vår oppstode.(Jes53)

«Kjærlighet fra Gud springer like ut som en kilde klar og ren. I dens stille bunn, i dens dype grunn gjemmes livets edelsten.»

Knut Arne Kummeneje

FRAMSIDEBILETE

Pixabay.com

Med høyreapparat i kyrkja - sei frå viss teleslynganeanlegget ikkje fungerer!

HLF Førde og omland er eit lokallag i Hørselshemmedes Landsforbund og har medlemmer i Sunnfjord, Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Høyanger og Solund. Siste året har vi hatt fokus på det å vere høyreapparatbrukarar i forsamlingshus, og kyrkja er ein viktig plass for våre medlemmer.

Ein del av oss greier oss med høyreapparat pluss høgtalaranlegg. Men svært mange er avhengige av eit velfungerande teleslynganeanlegg. Byggforskriftene inneholder krav om høyrestøttande system i rom der høgtalaranlegg er installert, og etter kvart er kyrkjene blitt godt utstyrt med teleslynganeanlegg.

Medlemmene våre opplever likevel ofte at anlegget ikkje fungerer. Plassering i forhold til anlegget kan og vere avgjerande, og dette bør det opplystast om, men av og til er det ein så enkel grunn som at det ikkje er påslått. Etter å ha hatt kontakt med kyrkja om dette, forstår vi at det er like maktpåliggjande for kyrkja - som for oss - at kommunikasjonen med høyreapparatbrukarar fungerer godt.

Vi vil derfor oppfordre alle høyreapparatbrukarar til straks å seie frå til personale i kyrkja (gjeld også andre

forsamlingshus) om dette, slik at feil kan rettast opp. Høyreapparatbruken kan nemleg raskt oppdage om anlegget ikkje fungerer - før dei som har ansvar for det, er klar over det. Dette gjeld dei som har apparat med telespole - via teleslynganeanlegget kan dei få talelyden frå presten sin mikrofon rett i øyret. Av/på-knapp på apparatet eller på fjernkontroll/mobiltelefon.

Det foregår no ei rask utvikling innafor ny teknologi med oppkoppling til programvare på mobiltelefon. Teleslynganeanlegga si tid er likevel absolutt ikkje over, men dei må vere i orden. Informasjon om og behovet for telespole kan folk ta opp med den som tilpassar høyreapparatet.

Teleslynganeanlegg er eitt av svara til kravet om universell utforming og betyr at fleire kan ta del i fellesskapet. Gode opplevelingar er avhengig av god kommunikasjon!

Norunn Ulvedal
Anne Johanne Smørdal
Kari Skulerud Holsen
Anne Britt N. Losnegård

Synnøve Solhaugen Engen
Tove Berglund
Reidun Helleseth

Vi ber alle som er innom ein gravplass om å hjelpe oss å halde den ryddig. Ser du noko som ligg og sleng, ta det gjerne med deg til ein bossdunk. Der vi har meir enn ein dunk, ser vi gjerne at ein blir fylt før ein byrjar på den andre. Diverre er det vanskeleg å legge til rette for kjeldesortering ved alle gravplassane, dette pga bosset si samansetning og varierande tilgjenge på eigna areal til posar, dunkar og vatn til reingjering. Vi ber difor alle om å gjøre sitt beste, og om naudsynt ta med seg noko heim, slik som brukte batteri eller brannfarleg avfall.

Årsrapport 2023 til Fjaler sokn

Årsrapporten vil du like før påske finne på Fjaler sokn si heimeside www.kyrkja.no/fjaler. Den vil også bli lagt i kyrkjene i Dale og Guddal, kapellet på Folkestad, eller kan hentast på kyrkjekontoret.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med Allan Nogva. Som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

BLADPENGAR – GÅVE TIL KYRKJEBLADET

kr 250 for dei som bur innan kommunen.
kr 300 for dei som får tilsendt bladet med frimerke
Bankkontonr: 3741.20.73135
Vippsnummer: 557133

Det er bladpengane du betalar som gjer det mogleg for oss å gje ut Kyrkjeblad for Fjaler. Vi er takksame for at de tykkjer det er kjekt å få bladet i postkassa, og at pengar kjem inn på kyrkjebladet sin bankkonto. Vi håpar å kunne fortsetje med å gje ut tre årlege nummer.

Du som bur utanom kommunen, og får bladet tilsendt med adresselapp, må hugse å **merke innbetalinga med namn og adresse** – også når du betalar via nettbank. Utan adresse får vi ikke sendt deg bladet.

Alle som har postkasse og bur innan kommunen skal få kyrkjebladet i postkassa si. Det gjeld også dei som har reservert seg mot reklame. Kyrkjebladet er informasjon og ikke reklame. Skulle posten svikte deg, har vi alltid blad liggande på kontoret som du kan få.

FASTEAKSJONEN 2024

Aksjonsperiode: søndag 17. - tysdag 19. mars

Årets fasteaksjon har mottoet: «Ja, vi elskar dette vatnet», fordi vi veit at reint vann er livsviktig og heilt avgjerande for all utvikling. Det siste åra har vi sett at det har skjedd ein positiv utvikling i mange land. Det er færre som lever under fattigdomsgrensa, og fleire har fått tilgang til reint vann. Men om vi skal ha håp om å nå utviklingsmåla som verdas politikarar har blitt einige om, må vi heile tida fortsetje å kjempe for denne viktige saka.

Kyrkjelydane i Fjaler vil vere med på dette, og gjennomfører ein aksjon til inntekt til Kirkens Nødhjelp – i veka før palmesøndag. Konfirmantane deltek med ein sponsoraksjon der dei utfordrar

ulike sponsorar til å sponse aksjonen. Elles kan alle som ønsker å støtte aksjonen gjøre det med vippes, eller ved offer i kyrkja.

Konsert

Vi avsluttar fasteaksjonen med ein Solidaritetskonsert i Dale kyrkje tysdag 19. mars kl. 19.00 der studentar frå UVVC og kulturskulen deltek.



Bli ein Kirkens Nødhjelp-sponsor – og støtt konfirmantane sin digitale bøsseaksjon!

I år blir Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon, fasteaksjonen, digital. I Fjaler har vi pleidd å ha ein dør-til-dør-aksjon med innsamlingsbøsser, men i år ønsker vi å gjennomføre ein aksjon der fjalerbuarar støttar aksjonen med Vipps og gjennom offer i gudstenester og på Solidaritetskonserten.

Konfirmantane har fått ei viktig oppgåve – å skaffe seg ein sponsor som støttar aktivitetar dei gjev til inntekt for Kirkens Nødhjelp. Ein slik sponsor kan vere kven som helst, men gjerne nokre i familien som vil oppmuntre konfirmantane til å gjøre noko viktig.

I korte trekk får den einskilde konfirmant denne instruksjonen:

vipps

Fasteaksjonen Fjaler

#907858



- 1) Vel ein aktivitet!
- 2) Inviter sponsorar og avtal beløp.
- 3) Gjennomfør aktivitet.
- 4) Varsle sponsorar om korleis det gjekk, og kor mykje sponsorane kan sende til aksjonen.
- 5) Gje beskjed til konfirmantlæraren korleis det har gått.

Konfirmanten kan til dømes gjøre husarbeid eller annan aktivitet for familien – og med sponsorar som sponsrar arbeidet. Sponsorane kan til dømes vere nokre i familien, og sponsorbeløpet blir gitt til inntekt for Fasteaksjonen.

Fjaler med eige vippesnummer til Fasteaksjonen

Vippsnummeret er 907858

Vi oppmodar alle Fjalerbuarar til å støtte opp om aksjonen! Ditt bidrag er veldig viktig!

VELKOMMEN TIL PÅSKEVANDRING I APRIL!

Påsken har sitt viktige bodskap om då Jesus reid inn i Jerusalem palmesøndag. Dette var starten på hans lidingssoge, der lærersveinane åt det siste måltidet med han på skjærtorsdag, før Jesus dagen etter døydde på krossen.

Men det slutta heldigvis ikkje der. For tre dagar etter stod han opp igjen av grava og sigra over døden. Dette var ei så fantastisk hending at denne bodskapen om hans oppstode spreidde seg over heile verda – også til Noreg. Det blei bygd kyrkjer, landet vårt blei styrt av kristne kongar, og kyrkja starta også dei første skulane.

Kyrkja i Fjaler vil invitere born til å delta og høre om denne fantastiske historia som hende i påska for 2000 år sidan.

Dei som går i 3.-5.klasse og soknar til Folkestad kapell, vil bli invitert til eit opplegg med påskevandring i april. Det same vil 3. klassingar som soknar til Dale kyrkje.

Vi planlegg to førebuingssamlingar laurdag 13. april i Dale kyrkje kl. 10.30 og Folkestad kapell kl. 13.30

Desse opplegga vil bli avslutta med Barnas påskeguds-tjeneste:

Søndag 14. april kl. 11.00 i Dale kyrkje

Søndag 14. april kl. 14.00 i Folkestad kapell

Påskevandrarane vil få utdelt påskebok i gudstenestene. Vel møtt!

Rachelles hjerte for Libanon

– Jeg elsker familien min, landsbyen og landet mitt. At jeg kanskje må forlate alt, er helt forferdelig å tenke på, sier 15 år gamle Rachelle El Debs.

Av Anette Torjusen
Foto: Håvard Bjelland

– Se hvor vakkert det er. Det er det vakreste stedet på jord, ikke sant? Fjellene, dalen, trærne. Jeg kan ikke komme meg fort nok ut i naturen, smiler Rachelle El Debs, og ser utover Bekaaalen.

Vi er i Deir El Ghazal, helt på grensa til Syria. Kun fjellene skiller. Her kunne de se kampene pågå mellom IS og libanesiske styrker.

Området har vært uten vann i 40 år, og alt drikkevann har kommet med lastebil en gang i uka.

Fasteaksjonen gir vann

I dag har Rachelle tatt oss med på tur opp i fjellene, vi er på 1300 meter over havet. En av hobbyene hennes er å gå på tur i fjellet, og er opptatt av å nå målet med 10.000 skritt hver dag.

– Jeg er opptatt av å holde meg i form, og å gå har hjulpet meg masse. Jeg tenker klarere og føler meg mye bedre etter en fjelltur, smiler hun.

Turen er ikke tilfeldig valgt, hun vil nemlig vise oss en vanntank

på 800.000 liter som gir vann til landsbyen hennes, nesten tre tusen mennesker. Både syriske flyktninger og libanesere.

Helt til 2020 var landsbyen uten vann. De hadde en 300 meter dyp brønn som sto ubrukt fordi det verken var penger til strøm eller diesel til å drifta den.

Takket være midler fra Kirkens Nødhjelps fasteaksjon, kan vi sørge for rent vann. Derfor har vi siden 2020 bygd et solcellepanel, en vanntank og koblet til vannrør.

– Vannet har vært helt avgjørende for landsbyen min, og jeg som går så mye på tur, drikker vann hele tiden, forteller hun.

Et land i mange kriser

Libanon er et land som står i mange kriser, og spesielt ungdom som Rachelle får føle det på kroppen.

– Det er vanskelig for alle, men det vondeste er at det ikke er noen fremtid for oss her. Vi unge må reise ut for å få jobb.

I 2019 kollapset økonomien i landet, folk mistet alle sparepengene sine og det offentlige tjenestetilbudet krasjlandet. En lærer gikk fra å tjene rundt 25.000 kroner i måneden til tusen kroner i måneden. I 2020 ble hovedstaden Beirut rammet av en massiv eksplosjon som blant annet

ødela landets viktigste kornlager. Så kom covid og nå ligge hele landet med brukket rygg. Arbeidsledigheten er skyhøy, helsetilbuet elendig og unge velutdannede flykter fra landet.

– Jeg vil være her i Libanon sammen med familien min, men jeg har nok ikke noe valg. Skal jeg få meg en jobb, så må jeg reise ut.

For Rachelle er helt bestemt på at hun skal få seg en god utdannelse.

– Jeg elsker matte og får alt rett på prøver. Så jeg har lyst å utdanne meg innen ingeniørfaget, forklare hun.

Knusktørr jord

15-åringen bor sammen med mamma, pappa, to brødre og farmor. Familien ble også rammet av økonomikrisen. Som mange familiør må de nå jobbe hardt for å tjene tilbake det de mistet over natten.

– Jeg hjelper til mye i huset, foreldrene mine jobber hele tiden og har aldri fri, derfor vasker jeg klær og lager mat. Prisene på basisvarer som brød, matolje og mel har mangedoblet seg, derfor har det vært et viktig tiltak å sørge for at folk kan dyrke sin egen mat. Noe som har vært veldig vanskelig i Bekaaalen hvor jorda er knusktørr og vanskelig med tilgang til vann. På de varmeste dagene kan det være opp til 40 grader.

– Vi har fått en egen hage hvor vi nå dyrker tomater, agurk, nektarin, druer, aubergine, har mandeltrær og fiken, forteller hun.

Se her, nå kan jeg også vanne, sier hun, og setter på vannslangen og gir den tørre jorda etterlengtet vann.

– Det blir fort tørt her, så det at vi kan vanne, betyr jo alt.

Når Rachelle ikke hjelper til i hagen eller hjemme, er hun sammen med vennene sine. Da er det mat, Netflix og mobilen som gjelder.

– Jeg kan ikke være uten telefonen min, det går ikke, flier hun, og legger til at det samme gjelder for vann.

– Jeg kan ikke være uten vann heller, smiler hun.



Det norske jentekoret



Det vart eit nydeleg møte med 25 jenter frå Det Norske Jentekor i Sandesenteret siste helga i november 2023.

Jakob Sande-senter for forteljekunst opna i 2020, på same tid som Det norske jentekor ga ut plata Stille grender, der dei syng Jakob Sande sin Det lyser i stille grender. Denne linken og eit ynskje om at folk skulle bli meir klar over at her er dei stille grender og styrke eigarskapen til Jakob Sande og oppdage Nikka Vonen sin skule, inviterte vi for andre gong koret til Dale.

Sidan førre besøk har det lokale ungdomskoret Drops, i regi av Hyllestad og Fjaler Kulturskule, eksistert. Dei

song saman med DNJ laurdag kyrkja i Dale, og med seg hadde dei også elevar frå 10. trinn på Dingemoen skule. Ei oppleving for både songarar og tilskodarar.

Etter konserten laurdag gjekk jentene frå DNJ opp alleen på Steia der mange faklar brann, og i hovudhuset på Steia vart jentene møtt av både tenestejenter, lærarar og vart betre kjende med den rike historia om Nikka Vonen og skulen hennar.

Søndag inviterte DNJ til kurs i korsong, som dei heldt i gymsalen på tidlegare Fjaler ungdomsskule, der lokale ungar fekk moglegheit til å utvikle si stemme. I Gamle kommunehuset heldt Oddvar Vassliås kurs i folkeleg song, og i kjellaren på tidlegare Fjaler ungdomsskule heldt Jan Haugen og Vidar Jensen kurs i handverksteknikkar.

Alle jentene i DNJ reiste frå Fjaler rikare på opplevingar og lokalhistorie, og alle med ei lita treskei eller ein kopp dei sjølv hadde laga i den gamle sløydsalen. Vi takkar alle involverte for samarbeidet for å få dette til og kan halde på opplevingane gjennom David Zadig Fotograf sine varige blinkskot.



Tekst: Rakel Cecilie Wilhelmsen Solheim
Foto: David Zadig

EPISK ORGELMUSIKK I FOLKESTAD!



Mark Taylor spelar Händel i Folkestad.

1. påskedag kan du oppleve storslått musikk i Folkestad kapell kl. 18.35. Då spelar Mark Taylor Händel sin orgelkonsert opus 4 nr 1 (HWV 289) før høgtidsgudstenesta.

Frå London til Fjaler

Den 19. februar 1736 var den verdkjende operahuset Covent Garden i London lokalet for urframføringa av Händel sin orgelkonsert i g-moll og G-dur. Konserten var det nest siste nummeret i korverket Alexanders Feast. No kan du høre den i Folkestad, spela på Venheim-orgelet frå 1994, eit lite instrument ganske lik kammerorgelet Händel spela på i London.

Frå oldtida til barokken

Alexanders Feast handlar om ein bankett helden av Aleksander den store i den erobra persiske byen Persepolis i år 330 f. Kr. Musikaren Timoteus syng og spelar lyren sin «med flygande fingrar» og «dei skjelvande tonane stig opp til himmelen». Lyren var eit populært strengeinstrument i oldtida, brukt i det gamle testament til både sørgresong, lovprising, festprosesjonar og salmesong.

Timoteus sin lyremusikk skaper ulike stemningar i Aleksander, men diktaren John Dryden skreiv teksten i 1697 for å feira Sankt Cecilia, skytshelgen for musikarane. Då er både Timoteus

og Sankt Cecilia sine musikalske evner lovprisa av koret, like før orgelkonserten skal spelast: «Timoteus reiste ein dødeleg til himmelen, Cecilia trakk ein engel ned.»

Frå dramatikk til dans

Då passar Händel sin musikk til påske. Vi går frå dystre moll-tonar og langfredagens smerte til glad musikk og oppstoda i dur. Den siste satsen er til og med ein menuett med to variasjonar. Menuetten var ein populær pardans i tre-takt, forgjengaren til valsen. Sjølv om det ikkje kom med i bibelen, skreiv kristne kjelder heilt tilbake til 100-talet, at Jesus lovprisa si frelsegjerning på krossen med dans. Og Händel komponerte musikken til påskesalmen «Deg være ære, Herre over dødens makt!»

Flygande fingrar i 30 år

Så kom og hør Mark Taylor sine flygande fingrar spelar på Folkestad-orgelet – begge er 30-årsjubilantar i år. Og vel møtt til påskefeiringa i høgtidsgudstenesta rett etterpå. MT

VÅRKONSERT MED CANTUS

Søndag 26. mai kl. 19.00 held Cantus ein vårkonsert i Dale kyrkje med nokre av songane dei har sunge i sesongen 2023-2024. Midt i konserten vil dei yngre kormedlemmer, inkludert Anne Marte Ospedal Haugen, synga nokre fine låtar. Billetsal vaksne kr 100,-, born t.o.m. 15 år gratis. Vel møtt.



Solidaritetskonsert i Dale kyrkje

Tysdag 19. mars kl. 19 kan du oppleve mykke musikk spela og sungen av lokale ungdom frå Hyllestad og Fjaler kulturskule, samt UWC, på solidaritetskonserten i Dale kyrkje.

Inntektene frå kollektene går til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon med føremålet å gje reint drikkevatn til fleire.

I tillegg medverkar vaksenkoret Cantus, og Knut Arne gjev oss litt informasjon om fasteaksjonen. Vel møtt!

facebook



Kyrkja i Fjaler er på Facebook:
www.facebook.com/FjalerKyrkja

Med gamle skattar til by'n

I Årstadveien 22 i Bergen held Statsarkivet til. Der har dei mykje gammalt og forvitneleg materiale. Før jul i fjor fekk dei endå meir – eit knippe kyrkjebøker frå Fjaler.

Atle Lyngstad Ness

Du finn alt på nettet, høyrer vi ofte. Det er berre nesten rett. Mellom det du **ikkje** finn, er opplysningar frå nyare kyrkjebøker. Viss du googlar digitalarkivet kan du gå vidare til «skannede kirkebøker» og kan søkje vidare til det du måtte ha lyst å vite meir om. Altså: viss det er «gammalt nok».

Jobb for prestane....

Tilbake i tid var det soknepresten som hadde ansvar for å skrive opplysningar i kyrkjebøkene. Mange hadde ei sirleg og lettlesen handskrift, andre innføringerar er vanskelegare å tyde.

Dei eldste kyrkjebøkene vart ikkje førde etter faste mønster, men kronologisk, etter kvart som handlingane fann stad.



Historikar og rådgjevar Kenneth Bratland tek godt vare på bøkene som Irene Fløde hadde med til Statsarkivet. Når dei er digitaliserte, blir dei verande i Bergen.

...og sidan klokkaren

Men i 1812 tok dei i bruk trykte skjema. Desse vart delte i sju kolonner; fødde, med både fødsels- og dåpsdato, konfirmerte, vigde, døde med både dato for dødsfall og begravelse, avgangslister eller

utflytte, tilgangslister eller innflytte og jamføringsskjema.

Frå same tid skulle også klokkaren føre ein eigen protokoll, kalla klokkarbok. Den var ein kopi av kyrkjeboka eller ministerialboka, som presten førde. Dei to protokollane skulle aldri ligge under same tak, i håp om å bevare den eine, viss den andre gjekk tapt i brann eller liknande.

Digitalt frå 2013


Etter som det vart meir vanleg å ha kontorhjelp på prestekontora, tok desse over innføringsane. Slik også i Fjaler. Men frå 1. januar 2013 skulle registreringane gjerast digitalt. Dei handskrivne bøkene vart ikkje brukte meir, og i desember var det tid for å frakte bøkene frå safen på kyrkjekontoret i Dale til Statsarkivet i Bergen, for digitalisering og vidare lagring.

Godt stoff i fint hus

Saman med avtroppende kyrkjeverje Irene Fløde tok underteikna seg fram til



Bøkene vi hadde med er ikkje dei einaste frå Fjaler i arkivet, her er frå før mange andre som dekker tidsrom langt attende i tid.



Den eldste kyrkjeboka på arkivet frå Fjaler, går attende til 1755.

Årstadvegen 22, der arkivar Kenneth Bratland tok vel imot oss. Det skulle forresten berre mangle, med farmor fødd i Vårdal, og mykje slekt både i Askvoll og Fjaler. Han tok oss med på ein liten førjulstur i delar av arkiva.

Statsarkivet i Bergen tek hand om eldre arkivmateriale frå statlege organ på



Statsarkivet i Årstadvegen 22 er frå 1921, ein stasleg bygning med mykje «godt stoff» innomhus

lokalt og regionalt nivå i Hordaland og Sogn og Fjordane. Institusjonen vart oppretta i 1885, og vart til 1919 kalla Stiftsarkivet. Fram til 1929 hadde dei også dei geistlege arkiva frå Sunnmøre, og materiale frå Rogaland til Stavanger fekk statsarkivkontor i 1949.

Til sommaren 1921 heldt statsarkivet i Bergen til i Klosteret 17, men flytta då til Årstad i den staslege bygningen som Egill Reimers teikna. Bygningen har eit klosterpreg, kan hende inspirert av den tidlegare adressa i Bergen, og av arkitektens arbeid med restaureringa av Selje kloster. I ein nisje i trappeoppgangen er det plassert ei St. Sunniva-statue, utført av Wilhelm


Rasmussen og måla av Axel Revold.

Sidan 1995 har Yngve Nedrebø, med røter på Jølster, vore statsarkivar. Han er ein av dei som tok initiativ til digitalarkivet.


Utskrift av attestar

Av og til treng nokon utskrift frå kyrkjebökene, men det har avteke, siste åra har svært få teke kontakt.

Før vi leverte frå oss kyrkjebökene fekk vi lovnad om at tenesta med å skrive ut attest frå kyrkjebökene skulle bli vidareført av Statsarkivet i Bergen, i staden for kyrkjekontoret. Treng du attest, ta difor kontakt med Statsarkivet i Bergen.



Prestane hadde eit budsjett, viss dei ikkje heldt seg innan ramma, måtte dei betale av eiga lomme. «Landets gjerrigaste prest» i Ullensvang skreiv lite og tett for å spare på plassen. Men det skulle lesast òg....?



Arkitekten bak Statsarkivet i Årstadveien har også arbeidt med restaurering av Selje kloster, og i ein nisje i trappeoppgangen er denne St. Sunniva-statua plassert.

Vår grøne kyrkjelyd

Du hører til vår grøne kyrkjelyd som ønsker å medverke til glede, takksem og undring over å vere ein del av skaparverket, og å forløyse engasjement og kreativitet til å ta vare på den verda Gud har gitt oss.

I 2018 vart Fjaler sokn ein grøn kyrkjelyd, og soknerådet vedtok ulike tiltak for å bli med i det store fellesskapet som vi kallar grøn kyrkjelyd. Nær 300 kyrkjelydar i heile landet er med i ordninga i dag. Også i mange andre land finst det grøne kyrkjelydar.

Les årsrapporten 2023 med tiltaka i Fjaler sokn her: <https://rapportering.miljofyrtn.no/stats/161950>

Grøn kyrkjelyd vidare

I 2024 har soknerådet handlingsplanen for vår grøne kyrkjelyd i Fjaler til evaluering. Å vere grøn kyrkjelyd er ein prosess: Vi må fornye engasjementet heile tida, og alltid er det nye målsetjingar vi kan strekkje oss etter, eller tiltak som vi ikkje klarer å gjennomføre som bør strykast frå planen.

Med å ta vare på skaparverket viser vi nestekjærleik til dei som blir ramma av klimaendringane no, og til komande generasjonar. Det å vere ein grøn kyrkjelyd er konkret å ta på alvor Guds kall til ansvar

for skaparverket og nesten, og det går rett inn i kjernen av å vere ein diakonal, misjonerande kyrkjelyd og å leve som ein Kristi etterfølgjar i praksis.

Våre tiltak innan diakoni, undervisning og misjon

Dette området handlar om vår fokus på miljø, forbruk og rettferd gjennom aktivitetar i trusoplæringa, i diakonien og i misjonsarbeidet. Blant tiltaka i Fjaler sokn er:

Vi vil samarbeide om misjonsprosjekt, gjerne slike som har ein grøn profil.

Fjaler sokn støtter NMS sitt misjonsprosjekt i Midtausten som m.a. hjelper førfølgde kristne med t.d. mat og hus i akutte situasjoner.

Saman som kyrkjja i heile verda – Den norske kyrkjja sin aksjon

I aksjonsvekene mellom Helgetorsdag (9. mai) og Jonsok (24. juni) skal kyrkjelydens eigarskap og engasjement for kyrkjelydens misjonsprosjekt stå i fokus. Vi har takkoffer i aksjonsvekene til NMS sitt arbeid i Midtausten 17. mai i Dale og Guddal, og 16. juni i Folkestad.

Du kan lese meir om arbeidet deira her: <https://nms.no/land/midtosten/>



Den norske kyrkja vil også med aksjonen styrke kyrkjelyden si rolle i kyrkjas globale oppdrag og som ein del av det globale fellesskapet.

Kyrkja finst fordi vi har eit oppdrag – vi er sende av Jesus (Matt 28) – Gå og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei og lær dei. Utan misjon – inga kyrkje.

Kyrkja er misjon og er til for evangeliet og for menneske.

Saman vil vi:
Fortelje om Jesus, fremje likeverd og byggje fellesskap.

Tekst: Mark Taylor.

ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleige 8 m³ – 35 m³
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi hentar alt av stålskrap

90 20 11 00

COTAINERUTLEIGE • rune.container@gmail.com



Irene hadde stålkontroll

Kyrkjesektoren i Fjaler starta året med å markere slutten på tenesta til Irene Fløde. Kollegaer, tilsette elles og soknerådsmedlemer var samla på Ljosheim til eit måltid mat, mimring og takkseiing.

Atle Lyngstad Ness (tekst og foto)

27 år som kyrkjeverje fortel at Irene Fløde har tileigna seg god kunnskap om mangt og mykje – frå budsjett, kroner og øre, til gravkart, vedlikehald av bygningar, lesing av lange NOU-ar, saksførebuing og sekretærfunksjon. Og ikkje minst arbeidsgjevaransvar for alle andre tilsette i kyrkja enn presten.

Stålkontroll

Men nettopp sokneprest Knut Arne Kummeneje takka Irene for at ho hadde gjort det lett for han i hans arbeid. Ho var strukturert og nøyaktig, og i tillegg til alt ho hadde å gjøre i sin jobb, passa ho på å minne han på slikt som var hans bord; fristar og viktige datoar. Han omtala henne som nærast eit «oppslagsverk» som hadde stålkontroll på det meste. Dei samarbeidde også godt. Han overrekte henne eit kunstverk med motiv frå det som hende i Betlehem julenatt.

Soknerådsleiar Trude Høgseth Felde takka Irene med blomster for tida i Fjaler og den gode jobben ho har utført, både i det daglege på kontoret og som arbeidsgjevar. Det meste hadde ordna seg, berre ikkje gravplassaka.

Trufaste medarbeidarar

Irene, som ikkje er flink til å ta imot ros, om det enn er aldri så fortent, takka for samarbeidet og dei som hadde halde ut med henne. Ho var glad for at ho hadde hatt trufaste medarbeidarar, som stod lenge i tenesta. Mark Taylor kom to år før, og Knut Arne året før henne. Så til saman



«The holy family» i handmåla resin, med motiv frå julenatt i Betlehem, fekk Irene Fløde som gavé frå dei tilsette. Det er frå serien Willow Tree av Susan Lordi. Blomane er frå soknerådet.

har dei tre drygt 85 års innsats for folket og kyrkja i Fjaler.

Ho hadde prøvt å gjøre sitt beste. Om alle dagar ikkje var like lette og gode, korkje for henne eller dei ho omgjekst, hadde ho likt seg og meinte ho alt i alt ho hadde komme godt frå samarbeidet på kontoret og i møte med publikum.

Glad i Ljosheim

Underteikna hadde kviss og kåseri og prøvde å sjå den store innsatsen til Irene også med eit litt «skrått blikk» både det ho har hatt løn for, men også alt dugnadsarbeidet ho har hatt for Ljosheim. Det er hjartebarnet hennar, og med påpasseleg

oppgradering, vedlikehald og tilsyn, framstår det svært tiltalande i dag. Her må leggjast til at også andre har gjort mykje dugnad.

Irene var sentral i arbeidet med at Fjaler sokn skulle få overta Indremisjonen sin eigarpark i Ljosheim, og er i dag eineeigar. I hennar tid vart det også teke i bruk nytt kyrkjekontor, der dei framleis held til.

Både soknepresten med song og gitar, og organisten på piano, gav til beste underholdningsinnslag. Leveransen av fiskesuppe m.m. frå Dalsfjordmat heldt godt mål, og kaker med kaffi er aldri lett å seie nei takk til.

Vikar med allsidig bakgrunn

Medan kyrkjeverje Kristin Kalstad har permisjon og gjer sitt for å halde oppe folketaket i Guddal, er Jostein Bildøy henta inn som vikar.

Atle Lyngstad Ness (tekst og foto)

Som namnet tilseier har Jostein røter på Bildøy ved Sotra. Bestefaren kom derifrå, men sjølv er han oppvachsen i Eidsdal og Vegsund ved Spjelkavik. Så om vi ser litt stort på det, går jobben dette året frå den eine sunnmøringen til den andre. Dei siste 30 åra har Jostein Bildøy budd i Førde.

Lengst nord

57-åringen starta yrkeskarrieren som menighetsfullmektig i norges fjerde største kommune, Porsanger i Finnmark. I nord grensar den til Nordkapp, så du kjem ikkje stort lenger nord på fastlandet. Han var der i tre og eit halvt år, og i løpet av den tida vart stillinga oppgradert til kyrkjeverje. Mykje var annleis der, samanlikna med Sunnfjord, mellom anna at der kom nedbøren som regel sidelengs, medan den her oftast kjem rett ned.

Søndagsskule og politikk

Fra Finnmark gjekk ferda til fylket vårt, med bustad i Førde. Jostein arbeidde som krinssekretær i søndagsskulen i 18 år, frå 1994 til 2012. Med heile fylket som arbeidsplass vart det mange timer i bil og dagar på reisefot. Men det var også år då han lærde mykje om geografin, og ikkje minst møtte mange hyggjelege menneske. Han hadde gode kontaktar i Fjaler, då det var søndagsskule både i Folkestad, Flekke, på Hovland og laurdagsklubb i Dale.

Etter dette var han fylkessekretær for Kristeleg Folkeparti i to år før han skipa eige føretak med rettleiing og foredragsverksemeld om mellom anna barn og unges mediebruk. «Barnevakten.no» er ei ideell stifting

som gjev råd slik at barn og unge skal kunne bruke digitale medier på ein trygg og bevisst måte. Nettvett. Bodskapen vert formidla i møte med born, foreldre og skuleverket.

Kyrkjelyd og misjon

I 2017 vart Jostein tilsett som kyrkjelydspedagog for ungdom i Florø, og var regionleiar i Normisjon Sogn og Fjordane eit par tre år før han begynte på vikariatet i Fjaler.

Han reknar seg som «headhunta» til jobben og svarte ja til å avhjelpe situasjonen fordi han jamleg har vore innom Fjaler og har bra kjennskap til innhaldet i jobben og folket han skal tene. Men det er mykje å setje seg inn i av lovverk og lokale forhold i detalj. Han skal vere sekretær og sakhandsamar for sokneråd/fellesråd og det er viktig å ha ein god dialog med kommunen og både tilsette og frivillige medhjelparar.

Trusopplæring viktig

Med 100 prosent stilling og pendling frå/til bustad i Førde, er Jostein innstilt på å bruke av kompetansen han har inn mot trusopplæring og hjelpe til på




Etter 30 år i ymse stillingar, er Jostein Bildøy (57) attende der han starta, som kyrkjeverje. Det var i Porsanger i Finnmark 1991-94. No skal han vikarie for Kristin Kalstad i utgangspunktet i eitt år.

den sektoren. Men også andre ting i den grad det er om for det.

Då vi snakka med han, var han så nyss kommen at det var vanskeleg å gje noko karakter til Fjaler. – Eg starta dag 1 her med å trivast, og det håper eg skal halde fram til beste for alle, seier vikar Jostein Bildøy, som ser fram til å arbeide her hos oss.

HAR DU NOE Å GI BORT?

Ring 40 28 42 16 for avtale om levering



Vi tar tari
mot alt som er helt,
pent og rent.

Ring oss om du har
store ting du vil
gi bort!

Gjenbruksbutikken vår
holder til i Storehagen 7 i Førde.
Butikken blir drevet på frivillig basis.
Alle varene som selges er gaver. Overskuddet
fra salget vil gå til støtte av Normisjon
lokalt og til utvalgte prosjekter
i Normisjons samarbeidsland.

galleri normisjon

Sjekk ut facebook.com/gallerinormisjonforde

LJOSHEIMBASAREN GAV 52.000 KRONER

Ljosheimbasaren vart tradisjonen tru avvikla andre laurdagen i februar. Innkoma denne gongen stogga på 52.070 kroner. Då er matpengane basasardagen talde med. Litt mindre enn i fjar, rett nok, men likevel eit resultat vi må seie oss godt fornøgde med.

Det vart selt 7.105 lodd på bøkene, og tre runder med åresal gjekk som ein leik. Vi hadde rusta oss med 400 årer og tenkte det var bra til ca 70 frammøtte, av dei ein gode del born, men det var altfor

lite. Kjøpelysta var stor, så vi måtte finne fram stadig fleire årar fra reservelageret.

Neste år er det 60 år sidan Ljosheim vart teke i bruk, så då lyt soknerådet vurdere ein jubileumsbasar, kanskje med eit litt utvida opplegg.

Huset er utbetra over år, og det siste som kom på plass var kjøkkendel i småsalen, handikap-toilet og nye gardiner i storsalen. Men det vil alltid vere behov for meir, som å erstatte gamle kvitevarer på hovudkjøkkenet.

Vi treng eit kyrkjelydshus i god stand, så det er å vone at dei mange som er med og kjøper lodd og årar, sel lodd i butikkane på førehand, bakar kaker og gjev eller laga gevinstar eller hjelper til på anna vis, stiller på ny frisk om eitt år.

Ljosheim treng deg, vi treng Ljosheim. Takk for innsatsen!

LJOSHEIM er til leige

Ljosheim er soknet sitt hus i Dale. Hovudetasjen har no tilkomst for alle. Med rullestolrampe og handikaptoalett eignar huset seg godt til ulike tilskipingar. Til mindre arrangement kan det nye

minikjøkkenet i småsalen nyttast. Her er det vanleg oppvaskmaskin, lite kjøleskåp og mikrobølgeomn. Kjøkkenet i kjellaren er òg pussa opp med nye kjøkkenbenkar m.m. Her er alt du treng til større arrangement.

Attmed kjøkkenet er matsalen. Kjellaren har eigen inngang, også her er det handikaptoalett. Kom gjerne innom oss på kyrkjekontoret så viser vi deg huset og kan avtale leige.

Nye epostadresser

Fjaler sokn har i 2024 gått over til ein ny tenesteleverandør, dette har gitt oss nye epostadresser. For oppdatert informasjon kan de sjå til www.kyrkja.no/fjaler. Vi har mellom anna fått oss ei spesifikk publikumsadresse post.fjaler@kyrkja.no. Den kan de bruke for å kome i kontakt med oss.

Vi har fått tilbakemelding på at nokre diverre opplever at epostar frå oss hamnar i søppelboksen deira. Dette kan ikkje vi gjøre noko med, då det er spamfilteret til mottakar som gjer ein litt for god jobb. Ventar du epost frå oss? Sjekk gjerne søppelboksen!

ANNONSEPLASS TIL SALGS

Kr 500 + mva pr. annonse pr. blad i visittkortstorleik, lik denne. 3 kyrkjeblad pr år kr 1 500 + mva
Dobel storleik – dobbel pris.

Vi ønskjer å starte å selje annonse i Kyrkjeblad for Fjaler. Dette for å auke inntektene slik at vi kan halde fram med å lage eit godt og interessant blad.

Sjekk ut facebook.com/gallerinormisjonforde

Overskotet av salet i gjenbruksbutikken vil gå til prosjektet «Trygg Barndom» i Bangladesh. Trygg Barndom er eit kurs- og rettleiingsprogram der helsearbeidarar, lærarar og foreldre får opplæring i korleis gje barn ei ikkje-voldelig oppdragning. Minoritetgruppene får og tilbod om utdanning, organisering og innhald i trus- og kyrkjeliv, og mikrofinans til å starte bedrifter.

Galleri Normisjon Førde er plassert i Storehagen 7B, med fin plassering mot det nye promenadeområdet mellom Elvekanten og Alti Handelshuset Sør. Oppningsdag for butikken blir rett før eller rett etter påske.

galleri normisjon

Sunnfjord Gravferdsbyrå



Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørande, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomsterørget AS · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569

VELKOMEN TIL KYRKJE

Tysdag 19. mars

Dale kyrkje kl. 19.00: Solidaritetskonsert med kulturskulen, UWC og Cantus. Offer til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.

Torsdag 28.mars, skjærtorsdag

Guddal kyrkje kl. 19.00: Pasjonsgudsteneste. Guddalskoret deltek. Offer til Strømmestiftelsen.

Fredag 29. mars, langfredag

Dale kyrkje kl. 19.00: Pasjonsgudsteneste. Offer til Strømmestiftelsen.

Søndag 31. mars, påskedag

Dale kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste. Cantus deltek. Offer til Strømmestiftelsen.

Folkestad kapell kl. 19.00: Høgtidsgudsteneste. Miniorgelkonsert før høgtidsgudstenesta kl. 18.35: Orgelkonsert Op 4 nr 1 av Händel. Offer til Strømmestiftelsen.

Søndag 14. april

Dale kyrkje kl. 11.00: Bornas påskegudsteneste. Påskevandrarar og Dale barnekor deltek. Utdeling av påskeboka. Offer til SOS Barnebyer.

Folkestad kapell kl. 14.00: Bornas påskegudsteneste. Påskevandrarar fra 3., 4. og 5. kl deltek. Utdeling av påskeboka. Kyrkjekaffi. Offer til SOS Barnebyer.

Søndag 21. april

Guddal kyrkje kl. 11.00: Bornas påskegudsteneste. Utdeling av påskeboka til 3., 4. og 5. kl. Guddalskoret deltek. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Straumsnes grendahus kl. 13.30: Gudsteneste. Kyrkjekaffi. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Lørdag 27. april

Folkestad kapell kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og konfirmantarbeidet.

Lørdag 4. mai

Dale kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og konfirmantarbeidet.

Torsdag 9. mai, helgetorsdag

Guddal kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste. Offer til barne- og konfirmantarbeidet.

Fredag 17. mai

Dale kyrkje kl. 11.00: Festgudsteneste. Solosong v/ Anne Marte Ospedal Haugen. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Guddal kyrkje kl. 13.00: Festgudsteneste. Guddalskoret deltek. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 19.mai, pinsedag

Dale kyrkje kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste med markering av kristenretten 1000 år. Cantus deltek. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Søndag 26. mai

Guddal kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste for skaparverket. Konfirmantinnskriving. Guddalskoret deltek. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Folkestad kapell kl. 14.00: Gudsteneste for skaparverket. Konfirmantinnskriving. Kyrkjekaffi. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Dale kyrkje kl. 19.00: Vårkonsert med Cantus. Billetsal vaksne kr 100,-, born t.o.m. 15 år gratis.

Søndag 2. juni

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste for skaparverket med Dale barnekor. Konfirmantinnskriving. Kyrkjekaffi. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Søndag 16. juni

Folkestad kapell kl. 11.00: Gudsteneste. Jarle Milde trekkspel. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 23. juni

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Offer til KFUK-KFUM.

Søndag 14. juli

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.

Søndag 28. juli
Korssundkrossen kl. 14.00: Friluftsgudsteneste. Kyrkjekaffi. I Folkestad kapell viss dårleg vær.

Søndag 4. august

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste.

Søndag 11. august
Dale kyrkje kl. 19.00: Avsluttande kyrkjekonsert i Fest i Fjaler. Eva Weel Skram Duo. Billett kr. 450,-

Sjekk www.fjaler.kyrkja.no, facebook.com/FjalerKyrkja
Eller sjå «Det skjer» i Firda på nett for oppdatert informasjon

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstlesarar i gudstenestene. Dette er ei særskilt viktig oppgåve.

Tekstlesaren les bibeltekstar og andre tekstar, og er ein viktig støttespelar for presten og kyrkjelyden. Viss du har lyst til å melde deg som tekstlesar, ta kontakt med kyrkjekontoret.

I kyrkjelyden sidan sist

Vigde

Dale:

27.12.2023 Trude-Mari Boge og Steinar Johan Skadal

Døypte**Dale:**19.11.2023 Mia Bugge Nedrebø
14.01.2024 Leander Hafssås**Døde****Dale:**20.11.2023 Johnny Strandenes f. 1965
01.02.2024 Atle Magnus Ulvedal f. 1948**Hellevik:**

22.11.2023 Svein Ove Håvåg f. 1959

Guddal:

14.12.2023 Bjarne Borgfinn Huseklepp f. 1953

Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 250 / 300 for året.**Redaktør:** Knut Arne Kummeneje og Hildegunn Helleset**Prent:** Printfarm AS**fjaler.kyrkjeblad@gmail.com****Kyrkja i Fjaler**www.kyrkja.no/fjaler

Fjaler sokn

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 40 50 94 52

post.fjaler@kyrkja.no

**Kyrkjekontoret er ope**måndag-torsdag kl. 09.00 - 14.00
fredag kl. 09.00 - 12.00**Tilsette med kontorplass:****Sokneprest Knut Arne Kummeneje**
mobil: 908 55 230
kk824@kyrkja.no**Kyrkjeverje Kristin Kalstad (permisjon)****Vikar verje: Jostein Bildøy**

mobil: 951 91 332

Jb286@kyrkja.no

Kantor Mark Taylorjobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449
mt884@kyrkja.no
Kantor har fri kvar torsdag**Sekretær Hildegunn Helleset**jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321
hh696@kyrkja.no**Kyrkjetenarar:****Dale kyrkje**Gudsteneste: Oddbjørn Bjordal tlf: 482 49 547
Gravferd: Atle Lyngstad Ness tlf: 911 49 806**Folkestad kapell:**

Randi Fretland tlf.: 909 57 857

Guddal:

Anne Brit Mo tlf.: 950 21 424

Vedlikehald av Hellevik og Folkestad gravplassar Jostein Folkestad**Fjaler sokneråd****Leiar Trude G Høgseth Felde** tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Vipps #899129 Ljosheim

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

Konfirmasjonar våren 2024

FOLKESTAD BEDEHUSKAPELL**27. APRIL KL. 11**Kim Håvåg
Miriam Kleppe
Liam Daniel Milde
Maiken Evita Myklebust Norddal**DALE KYRKJE 4. MAI KL. 11**Even Tvinnereim Brendehaug
Pernille Hove Bråtane
Ida Eide Dale
Ola Berger Follevåg
Tobias Ness Habbestad
Andreas Haugstad
Teodor Helle Rochlenga
Ida Kvile Hjartholm
Amaniel Sunde Hofrenning
Sara Matilde Askeland Hofstad
Johannes Jarstad
Svein Martin Stenseth Jenssen
Mats Solheim Langeland
Sigurd Nyland
Austeja Pabrezaite
Alida Nikøy Rogne
Laura Menes Standnes
Magnus Kyrkjebø Strand
Isak Aasen Sætenes
Jarand Vatnelid**GUDDAL KYRKJE 9. MAI KL. 11**

Ingrid Stueland Gallefoss

Kinnaspelet 22. og 23. juni 2024

Songen ved det store djup.**Program****LAURDAG 22. JUNI**

- 11.30: Omvisning i kyrkja
- 13.00: «Songen ved det store djup»
- 13.00: Avreise Florø til tur med Barnas Turlag
- 15.00: Historia til Kinn
- 15.00: Konsert
- 16.30: «Songen ved det store djup»
- 18.00: Kveldsbøn
- 18.30: Omvisning i kyrkja

SØNDAG 23.JUNI

- 11.00: Gudsteneste
- 12.00: Viktigaktivitetar begynner
- 12.45: Konsert
- 12.45: Historia til Kinn
- 13.45: Omvisning i Kinna kyrkja
- 15.00: «Songen ved det store djup»
- 16.30: Kveldsbøn
- 17.00: Omvisning i Kinna kyrkja

Sjekk kinnaspelet.no for meir informasjon.

INFORMASJON

Avsendar: Fjaler kyrkjecontor
Dalstunet, Dalsvegen 105a
6963 Dale i Sunnfjord

EVA WEEL SKRAM I DALE KYRKJE SØNDAG 11. AUGUST KL. 19.00

BILLET KR 450,-. BILLETSALG PÅ TICKETCO OG VED INNGANG.

AVSLUTTANDE KYRKJEKONSERT I FEST I FJALER

Med låtar som «Om du vil», «Selmas sang», og «Kom igjen», har Eva Weel Skram etablert seg som ein av dei mest folkekjære artistane her til lands. Skram har sleppt to album med norske tekstar, «Finne heim» frå 2018 og «Sleppe tak» frå 2021. Dei har hausta strålende kritikkar, og blitt omtala som både «brutalt ærleg» og musikalsk moden.

«Eva Weel Skram har lenge vore ein av Noregs mest distinkte popartistar. Med albumet «Sleppe tak» ligg alt til rette for at ho skal bli allemanseige», skreiv Dagsavisen i sin anmeldelse av sist nemnde album, noko som verkeleg kan seiast å ha slege til. Dei sterke låtane frå desse to albuma, har nemleg løfta Eva heilt opp i toppsjiktet av norskspråklege popartistar i landet.

Eva har gjort det til sitt varemerke å levere fengjande melodiar med sterke tekstar om tema som ligg hennar hjarte nær, noko som har vist seg å verke både trøystande og inspirerande for hennar stadig veksande publikum.

I 2024 blir det gode mogelegheiter til å få med seg Eva og hennar musikalske kollegar på scener over heile landet, ein sjanse ein ikkje bør la gå i frå seg.

Det er berre å glede seg til ein stemningsfull konsert.

